

Til Ordfører og folkevalde politikere

Her kjem eit lite hjarte sukk frå oss som jobbar på Havnahuset!

Me ynskjer alle saman at våre eldre skal ha det så godt som mogeleg. Og at kvar og ein skal oppleva å verte sett, og ivaretatt på best mogeleg måte.

I vår travle kvardag, opplever me dessverre at me ikkje har den tida me skulle ynskt me hadde til dei enkelte me går til.

Me har forstått det slik at det må sparast meir pengar i helsesektoren, og dette bekymrar oss en del.

Slik som me ser det, er det allereie kutta ned til beinet, og me ser ikkje korleis vår arbeidskvardag skal kunna gå, dersom det vert kutta ned noko meir.

Me har forstått det slik at det skal sparast på bruk av vikarar. Det er vanskelig for oss å forstå korleis ein skal klare dette. Allereie no hender det at me går med for lite folk på jobb. Og dette går ut over oppgåver me skal utføra. Dersom nokon melder om fråvær, ser me alltid på om me kan klare å utføra oppgåvene våre med ein mindre på jobb, før me vurderer å leige inn ekstra vaker. Me leiger kun inn vikarar når det er høgst nødvendig.

Me er redd for at me skal verte færre som jobbar, og det skal verte endå travlare og meir auka arbeidspress enn det er i dag. I tillegg er det ikkje fullt belegg her på Havnahuset, og me kjenner allereie på at tida vår ikkje strekker til. Me klarar å få dekkja dei mest nødvendige behova til brukarane våre. Trivsel tiltak klarar me kanskje å få til i ny og ne.

Brukarane som bur på Havnahuset har eit større pleiebehov enn det ein omsorgsbustad er berekna til. Stort sett alle er sterkt pleietrengjande eller demente. Dette krev meir personale.

Mange av bebruarane på Havnahuset har i grunn eit pleiebehov på lik linje med dei som bur på ein sjukeheim. Mykje av arbeidstida til sjukepleiarane våre, går på å ha kontakt med legane. Noko som til tider er utfordrande. Havnahuset har ikkje tilsynslege på lik linje som sjukeheimen.

I tillegg må me ofte på ta oss forskjellige ekstra oppgåver utover de vanlige pleie og omsorgstenestene. Me må ofte fylgje brukarane våre til lege, då legane ofte ynskjer å ha med ein sjukepleiar/helsefagarbeidar med under konsultasjonen. I grunn er dette ei oppgåve som pårørande skal ta seg av, og me opplever ofte at pårørande ikkje har anledning til å vera med på desse timane. Det same gjeld bestilling av ulike tenester som t.d drosje til/ frå sjukehus eller ordne med frisør.

Me fekk mobil-pleie, som skulle være med på å gjere kvardagen vår enklare. Det har det på mange måtar. Men det som ikkje kjem fram her, er at me brukar meir tid inne hjå brukarane enn det som er lagt inn i tiltaksplanen. Til døme: dersom me skal hjelpe nokon med morgonstell, og matserving, og dei søv, går me fleire gongar innom dei for å sjå til de, gjerne før me «startar» oppdraget vårt i appen. Dette er tid som ikkje vert registrert.

Då me brukar mesteparten av arbeidstida vår hos brukarane her på Havnahuset, vert oppgåver som f.eks. vasking av klede nedprioritert og skyvd over til neste skift og endar til slutt som ei oppgåve til nattevaktene. I følgje arbeidsmiljø loven er ikkje nattarbeid tillat med mindre det gjer det nødvendig. Så å vaske og brette klede, kan ikkje reknast som ei «nødvendig» oppgåve til nattevaktene. Men alle prøver sjølvsagt å bidra der ein kan, for å få oppgåvene gjort.

Personalet er blitt slitne, ein går som oftast heim med ei kjensle av at eg skulle ha gjort meir, eller ei kjensle av å ikkje fått utført det ein burde ha gjort. Ein strekk rett og slett ikkje til.

Det er sjeldan me har tid og anledning til å setje oss ned i saman med brukarane og få snakka saman, og vise at me har tid til å lytte til deira tankar og problem. Psykisk helse er like viktig som fysisk.

Arbeidshelger vert ofte eit problem. Pr. dags dato manglar ein fleire folk i stillingar. Det fører til auka belastning på oss som jobbar fast, me må jobbe fleire arbeidshelger, noko som går ut over fritid og familietid.

Når det gjeld sjukdom blant tilsette i helgar, er det vanskeleg å få tak i kvalifiserte folk til å jobbe, eller i det heile tatt nokon som kan jobba.

Me kan sitje i fleire timer å ringe etter nok personale, dette går ut over bebuarane.

Personalet kvir seg ofte til helger ,og for å kunne få fri ei helg «må » ein planlegge å reise vekk ein tur, slik at ein er utilgjengeleg. Har ei frihelg heime, er det ofte vanskligare å seie nei. Ein har rett og slett ikkje samvit til det.

Søndag ettermiddag er ofte den vakta som dei fleste av oss som gladleg tek som ekstra vakt . Dette er som oftast den rolegaste vakta i veka, og me som jobbar her kjenner på er godt å jobba. Me har f.eks. ikkje middagsservering. Og har god tid til å sitje saman i kaffistunda med bebuarane. Og gjerne ha litt aktivitetar også. I tillegg er dette den dagen bebuarane har mykje besøk av familie og venner. Dette avlastar arbeidspresset vårt mykje.

Dette er mange ting som går ut over arbeidsmiljøet på arbeidsplassen.

Kvardagen vår er uforutsigbar, då ein ofte ikkje veit kven som kjem på jobb. Dette kan være med å stressa personalet og ein får auka arbeidsoppgåver. Då mange av personale er slitne, går dette utover stemninga på jobb. Og det kan blir misnøye. Sjølv sagt prøver me å oppmuntre og støtte kvarandre.

Det me fryktar også er at det vil komma fleire sjukemeldingar, og auka sjukefråvær om det ikkje vert gjort noko.

Fleire av dei tilsette ynskjer å komma opp i stilling, og går mykje ekstravakter for å kompensere for ynskja stilling. Men det å «shoppe» vakter er slitande i lengda. Ein veit aldri korleis privat- økonomien vert kvar månad.

Me har mista fleire gode kollegaer det siste året, til helseteneste i andre kommunar, som har tilbydd dei høgare stilling. Me veit at mange av desse har eit sterkt ynskje om å jobba i Fitjar kommune, men det har vore meir lukrativt å få ein høgare stilling enn det ein hadde i kommunen.

Det er blitt sakt at me må skrive avvik, for å synleg gjere våre utfordringar og problem med tidsklemma og arbeidsmengde. Problemet er at me ikkje har tid til å skrive avvik, og nedprioriterer dette. Dersom me skal ha tid til å skrive avvik, må me skrive det etter arbeidstid, og dette utløyser overtid. Noko som også er eit nytt avvik.

Me forstår at de som er folkevalde politikare har også ein utfordrande og vanskeleg prosess med å få budsjettet til å gå opp, og er takksame for at de vil stå i den oppgåva.

Til slutt håpar me at de vil huska på oss som står på golvet, og sjå at ein må prioritera og byggja opp tenestene slik at ein kan få ein trygg og god eldreomsorg, og ikkje riva ned grunnmuren som sikrar våre eldre ein verdig alderdom.

For personalet på Havnauset

Inger Marie Endresen, Plasstillitsvalt Fagforbundet

Janne Gravdal, Verneombod